



Bygland kommune

Drift og forvaltning

Fiberkabel

Plan- og bygningsloven

Jfr. plan- og bygningsloven § 20-3, d, jfr. SAK 10 § 4-1 c, nr 7 er sjølve graving av kabelen ikkje eit søknadspliktig tiltak. Men jfr. plan- og bygningsloven § 1-6 kan iverksetting av tiltak berre skje dersom det ikkje er i strid med plan- og bygningsloven eller gjeldande plan for området. I samband med planlegging og graving av kabel er det viktig å sjekke kva plan som gjeld i området. Store delar av Bygland kommune er avsett til LNF-område i kommuneplanen. I LNF-område er det eit generelt bygge- og delingsforbod for tiltak som ikkje er naudsynt for stadbunden næring. I slike områder må det bli søkt om dispensasjon frå bygge- og deleforbodet i kommuneplanen. Andre områder er regulert til utbygging, eller f.eks vegformål (vegskulder ol.) her vil graving av kabel ikkje vere i strid med gjeldande plan.

For å sjekke planstatus for det aktuelle området kan ein bruke planinnsyn som ein finn på kommunen heimeside <http://tema.webatlas.no/bygland/Planinnsyn> nettsida er under utarbeiding og det kan difor vere enkelte planar som ikkje er lagt ut enno.

Privatrettslige forhold

Eigar av hovudkabel må syte for at alle grunneigarar som blir berørt av felles kabel skriver under på ei erklæring om at kabeleigar får rett til å legge og vedlikehalde kabel på dei aktuelle eigedomane. Om denne avtalen skal bli tinglyst som hefte på eigedomen, må kabeleigar vere ein juridisk person. Dette er ikkje eit krav frå Bygland kommune, men kan vere eit ynskje frå kabeleigar eller grunneigar.

Skjema for erklæring om rettighet i fast eigedom finn ein på statens kartverk sine heimesider <http://statkart.no/Eiendom-og-area/Tinglysing-av-eiendom/Alle-skiemaer-for-tinglysing/Erkaring-om-rett-i-fast-eigedom---nynorsk/>
Alt etter om avtalen skal bli tinglyst eller ikkje brukar ein punkt 4 eller 5 i skjemaet.

Vilkår for tilsagn om tilskot

- Kabeltrace er klarert i høve plan- og bygningsloven og plan for området
- Alle berørte grunneigarar har gitt samtykke
- Kostnadsalkylke frå leverandør

Vilkår for utbetaling av tilskot

- Skriftelig erklæring frå nettleverandør om at alle er tilkopla, erklæringa skal også dokumentere reelle kostnader inklusive timar med dugnadsinnsats.
- Innmåling av ny kabeltrace er naudsynt for registrering i kartet. Innmåling av kabeltracear må bli utført av godkjent føretak og koordinatar må bli levert som ei sosifil til Bygland kommune. Det vil vere eit vilkår for utbetaling av til tilskot at sosifil med koordinatar er levert Bygland kommune.

Framlegg til sjekkliste for planlegging av fiberkabel.

Pkt	Beskrivelse	Kvar kan ein få hjelp til av Bygland kommune	Ja	Nei	Merknad
1	Trace for felles kabel er bestemt.	<ul style="list-style-type: none"> • Kart i høveleg målestokk – på papir, eller PDF-fil, pris jfr. kommunalt gebyrregulativ. • Oversikt over tilkoplingspunkt • Oversikt over grunneigarar i felles kabeltrace/området 			Digitalt kart må bli bestilt via Infoland, og pris varierer etter kor stort utsnitt ein bestiller. http://www.bygland.kommune.no/bestilling-g-av-kartdata.295191.nn.html
2	Sjekke kva planar som er gjeld i traceen <ul style="list-style-type: none"> • Planinnsyn • Naturbasen – røddlistarter og kulturminner 	<ul style="list-style-type: none"> • Ved å avtale tid med Tenestetorget kan ein få hjelp til dette. 			Eller sjekke Planinnsyn og Naturbasen som ein finn lik til på kommunens heimesider http://www.bygland.kommune.no/kart.295190.nn.html
3	Sjekke at tiltaket ikkje kjem i konflikt med andre kablar og leidningar i området.	<ul style="list-style-type: none"> • Bygland kommune har oversikt over kommunale leidningar og kablar, kontaktperson er Kjell Lande. 			Gravemelding for andre leidningar og kablar kan bli bestilt frå https://gravemelding.no Og vil medføre ein kostnad for den som bestiller. Tiltakshavar / ansvarleg nettselskap dekkjer kostnad og legg dette inn i refusjonskravet.
4	Avtale om å legge og vedlikehalde felles kabel. Skal dette bli tinglyst på dei ulike eigedomane, så må kabel eigar vere ein juridisk person (org.nr)	<p>Dette er ein privatretslig avtale som Bygland kommune i utgangspunktet ikkje har noko med.</p> <p>Men krav for å få tilskot må at alle berørte grunneigarar har gitt samtykke til å legge og vedlikehalde felles kabel.</p>			Skjema for erklæring om rettighet i fast eigedom finn ein på statens kartverk sine heimesider http://statkart.no/Eiendom-og-area/Tinglysing-av-eiendom/Alle-skjemaer-for-tinglysing/Erklaering-om-rettighet/Erklaering-om-rett-i-fast-eigedom--nynorsk/

			Det er ikkje eit krav for å få tilskot at avtalen vert tinglyst, og tinglysningsgebyr er difor ikkje grunnlag for refusjonskrav. Evt. andre avtalar, kompensasjonar eller rettigheter Som blir avtalt er Bygland kommune uvedkomande.			Alternativt kan det vere hensiktsmessig å innarbeide dette i /på kartet som syner felles tracear.
	OBS – det er eit absolutt krav at hovudtrace vert målt inn med koordinatar og at fil med koordinatar vert levert til Bygland kommune jf økonomisk støtte					
5	<p>Dersom tiltaket er i strid med gjeldande plan må det bli søkt om dispensasjon</p> <p>Komplett søknad om dispensasjon må innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Brev der ein søker om dispensasjon • Avtale der alle berørte grunneigarar samtykker. • Kart som viser hovudkabeltrace • Kopi av uttale frå aktuell uttalepart 	<ul style="list-style-type: none"> • Oversikt og adresse til dei som er aktuelle å innhente uttale frå. <p>Kabel på land og i vatn: Aust-Agder Fylkeskommune Fylkesmannens miljøvernavdeling Statens vegvesen region sør</p> <p>Tillegg ved kabel i vatn: NVE Otteraaens brugseigarforening Lakse og innlandsfiskeoven / fiskebiologen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bygland kommune vil handsame søknaden om dispensasjon, jfr. delegasjonsreglement og gebyrregulativet. 			<p>Søklar vil få melding om evt. negative uttalar.</p> <p>Dersom det kjem negative uttalar frå høyringsinstansane kan det vere aktuelt at traceen vert flytta.</p> <p>Sakshandsamingsgebyr for handsaming av søknad om dispensasjon må leggjast inn i grunnlaget for refusjon,</p>	
6			Søknad om økonomisk støtte vil bli handsama etter at det føreligg positivt vedtak om legging av kabel jf plan – og byggelova sine bestemningar.			